

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering
Møtestad:	video, Fjernmøte
Dato:	13.01.2021
Tid:	09:00-16:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stian Jean Opedal Davies	Leiar	A
Sandra Edith Kalland Tenud	Medlem	A
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Geir Kjell Andersland	Nestleiar	V
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Hilde Horpen	Medlem	SP
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Symphorien Pombe	Medlem	SV
June Vibecke Knudtsen Indrevik	Medlem	H
Lise-May Sæle	Medlem	H
Hege Nygård Dale	Medlem	UA
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP
Terje Kollbotn	Medlem	R

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering
Ingebjørg Erikstad	Direktør inkludering, strategi og analyse
Sissel Espe	Seniorrådgjevar OPK-kompetanse
Ronny Skaar	Seksjonssjef - kunst- og kulturutvikling
Anne Haugen Pihl	Seksjonssjef - bibliotekutvikling
David Sandved	Seksjonssjef - kulturarv
Sissel Lillebø Aarseth	Fagkoordinator - inkludering, strategi og analyse
Hege Hæreid	Rådgjevar karrieresenteret i Vestland
Arild Knapskog	Rådgjevar politisk sekretariat / møtesekretær

Saksliste			
Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering den 25.11.2020	2020/47347	
	Referatsaker		
RS 1/21	Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar i Vestland fylkeskommune	2020/77948	
RS 2/21	E-læring i tilskotsforvaltning innan kultur, idrett og inkludering.	2020/77954	
RS 3/21	Nærøyfjorden Verdsarvpark - stilling som kulturvernforvaltar - oppfyljing av PS 55/2020	2020/41180	
RS 4/21	Bekreftelse på at Kraftmuseet kan motta tilskot fra post 72 til Tyssedal kraftverk	2020/47506	
RS 5/21	Museumsstatistikk 2019	2020/78819	
RS 6/21	Status for Karriere Vestland	2020/79422	
RS 7/21	Deltaking i "Dugnad for økt deltakelse", støtte frå Helsedirektoratet	2020/57035	
RS 8/21	Bevaringsplan for privatarkiv i Vestland	2020/79490	
RS 9/21	Skulen min og Digitalarkivet	2020/79615	
RS 10/21	Oppmoding om å gjenopprette tilskotsordning til kulturbygg med regional funksjon	2020/69385	
	Skriftlege spørsmål		
SI 1/21	Spørsmål frå Andersen - FNB - Kunstgrasbaner - revidere tildelingskriterier i spelemiddelordninga	2021/675	
	Politiske saker		
PS 1/21	Klage på ikkje handsama søknad om tilskot til verna kulturminne, Voss herad	2020/35099	
PS 2/21	Museumsløft 2020 - fordeling av midlar	2020/60824	
PS 3/21	Verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden	2020/75922	
PS 4/21	Høyring- Forskift til trossamfunnsloven om forvaltning av kirkebygg	2020/77398	
PS 5/21	Tilskotsordningar bibliotekutvikling 2021	2020/78145	
PS 6/21	Tilskot til regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar. Retningsliner 2020	2020/79033	
PS 7/21	Klage på avslått søknad om tilskot til ekstraordinære midlar til kultur- og idrettsaktivitet råka av koronasituasjonen	2020/71425	
PS 8/21	Innspel til norsk deltaking i europeiske samarbeidsprogram	2020/78924	
PS 9/21	Revidering av retningslinjer, tilskot til kulturbygg	2020/79495	
PS 10/21	Revidering av retningslinjer for ordninga Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur	2020/79391	
PS 11/21	Avtale med TONO	2020/304	
PS 12/21	Møteplan for hovudutval for kultur, idrett og integrering 2021	2020/73586	
PS 13/21	Oppfølging av verbalforslag budsjett 2021	2020/73586	

Godkjenningssaker

GK 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Innkalling og sakliste vart godkjend.

GK 2/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering den 25.11.2020

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Møteprotokoll frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering 25.11.2020 vart godkjend.

Referatsaker

RS 1/21 Forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltning innan ulike sektorar i Vestland fylkeskommune

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

RS 1/21 vart referert.

RS 2/21 E-læring i tilskotsforvaltning innan kultur, idrett og inkludering.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

RS 2/21 vart referert.

RS 3/21 Nærøyfjorden Verdsarvpark - stilling som kulturvernforvaltar - oppfyljing av PS 55/2020

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

RS 3/21 vart referert.

RS 4/21 Bekreftelse på at Kraftmuseet kan motta tilskot fra post 72 til Tyssedal kraftverk

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

RS 4/21 vart referert.

RS 5/21 Museumsstatistikk 2019

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

RS 5/21 vart referert.

RS 6/21 Status for Karriere Vestland

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

RS 6/21 vart referert.

RS 7/21 Deltaking i "Dugnad for økt deltakelse", støtte frå Helsedirektoratet

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

RS 7/21 vart referert.

RS 8/21 Bevaringsplan for privatarkiv i Vestland

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

RS 8/21 vart referert.

RS 9/21 Skulen min og Digitalarkivet

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

RS 9/21 vart referert.

RS 10/21 Oppmoding om å gjenopprette tilskotsordning til kulturbygg med regional funksjon

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

RS 10/21 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 1/21 Spørsmål frå Andersen - FNB - Kunstgrasbaner - revidere tildelingskriterier i spelemiddelordninga

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Møteleiar gav slikt svar:

«Spelemidlane er ei nasjonal tilskotsordning der fylkeskommunane har fått eit delegert mynde av Kulturdepartementet til å handsame søknadane og fordele midlar. Fylkeskommunen får tildelt spelemidlar til vidare fordeling (overskot frå Norsk Tipping) etter godkjent søknadssum, tal innbyggjarar og anleggsdekning. Saksnr: 2020/41070-9 Side 2 av 2

Det er Kulturdepartementet som sett dei overordna tildelingskriteria for spelemidlane. Desse kriteria finn ein i «V-0732, Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet». Dette er kriteria som alle fylkeskommunane må følgje, og per i dag er det ingen restriksjonar knytt til kunstgrasbaner.

Fylkeskommunane har høve til å sette egne prioriteringar for tildeling til godkjende søknadar. For Vestland er desse forankra i «Anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020-2024», som fellesnemnda vedtok i juni 2019.

Fristen for innsending av spelemiddelsøknadar frå kommunane for 2021 er 15. januar 2021. Når søkjarane har arbeidd med søknadane har dei lagt tildelingskriteria frå Kulturdepartementet og fordelingskriteria frå fylkeskommunen til grunn for arbeidet sitt.

Dersom ein vil endre på prioritering av spelemidlane må dette gjerast i god tid før søknadsrunden startar slik at dei som planlegg å søkje om spelemidlar til kunstgrasbaner er klar over dette i god tid. I fordeling av spelemidlar til ordinære anlegg i 2020, m.a. kunstgrasbaner, var det ei gjennomsnitt ventetid på tildeling av midlar på 5,2 år.

Det bør også nemnast at Klima- og Miljødepartementet er i slutfasen av arbeidet med ei ny forskrift knytt til plastholdig laust fyllmateriale. Dette vil mellom anna innebere fyllmateriale frå kunstgrasbaner. Dette er eit arbeid som har gått over fleire år, og det er gjeve signal om at forskrifta kan settast i kraft i løpet av første halvår 2021. Ei slik forskrift kan komme til å verke inn på tildelingskriteria til Kulturdepartementet.

I EU-systemet vert det utreda å sette i verk eit forbod mot bruk av plasthaldig granulat i ulike produkt, noko som vil inkludere bruk av plasthaldig laust fyllmateriale i kunstgrasbaner. Eit slik forbod vil også kunne komme til å gjelde i Norge via EØS-reglementet.

Regjeringa arbeider med ei ny stortingsmelding om idrett. Denne er varsla å bli lagt fram våren 2021. Meldinga vil vonaleg innehalde føringar i høve til ei meir berekraftig anleggsutvikling. I innspelet frå Vestland fylkeskommune, som KULLII handsama 2.12.2019, stod det m.a. *miljøretta utviklingsarbeid bør stimulerast og forskast på. Særleg aktuelt er utfordringa med gummigranulat i samband med bygging og rehabilitering kunstgrasbaner. Det bør og drøftast om slike tiltak bør kunne få høgare tilskot frå spelemidlane.*

I tillegg arbeider fylkeskommunen med kunstgrasproblematikken på fleire måtar. Vi har etablert eit samarbeid med SIAT (Senter for Idrettsanlegg og teknologi - ved NTNU) og fleire fylkeskommunar om utvikling av framtidens kunstgras. Administrasjonen er også i samtalar med Vestland idrettskrets om eit mogeleg tettare samarbeid knytt til bærekraftig anleggsutvikling. Administrasjonen har også bidrege med rådgjeving i samband med etablering av kunstgrasbaner utan gummigranulat både i kommunane Årdal, Askøy og Bergen, og utplassering av granulatfangarar og rister ved inngangsparti ved kunstgrasbaner i fleire kommunar i fylket. Tema er også ein del av Plaststrategi for Vestland fylkeskommune som vart vedteken av fylkestinget i juni 2020. Berekraftig anleggsutvikling vil også bli eit tema i arbeidet med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv.

Konklusjon:

Utvalseleiar ser at det kan vere nyttig å gå igjennom Vestland fylkeskommune sine prioriteringskriteria til fordeling av spelemidlar med tanke på kunstgrasbaner, sett i lys av nye statlege og internasjonale føringar og regional politikktutforming. For å skape føreseielege rammer

for s kjarar b r dette ev. gjerast i god tid f r tildelingsrunden i 2022, og ikkje i samband med tildelingsrunden i 2021.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Utval for kultur, idrett og integrering viser til Tiltak 9 (Skape meir milj venlege kunstgrasbaner) i det vedtekne handlingsprogrammet i Anleggspolitikk og kriterier for spelemidlar . KULLII f r ei politisk sak om m lretta tildelingskriterier for kunstgrasbaner til neste utvalsm te, med m lsetning om at eventuelle endringar vil bli gjort gjeldande for tildelingsrunden i 2021.»

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok   realitetsbehandle forslaget i neste m te mot 1 r yst (Pp)

Politiske saker

PS 1/21 Klage p  ikkje handsama s knad om tilskot til verna kulturminne, Voss herad

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at klagen fr  Voss herad som gjeld tilskot til verna kulturminne 2020 gir grunnlag for   endre tidlegare vedtak.
2. Hovudutvalet tek ikkje klaga fr  Voss herad til f lgje, d  fylkeskommunen ikkje har motteke s knad om tilskot til verna kulturminne innan frist eller motteke noko s knad etter fristutsetjing.
3. Hovudutvalet oppmodar Voss herad til   g  dialog med heradet sine s kjarar om tilskot til verna kulturminne og ta aktuelle s knadar fr  2020 med i s knaden for tilskotsordninga i 2021.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

 yvind Str mme (MDG) sette p  vegne av MDG, Ap, Sp, SV og V slikt forslag:

«Alternativt punkt 1:
Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at klaga fr  Voss herad som gjeld tilskot til verna kulturminne 2020 gjev grunnlag for   endra det tidlegare vedtaket. Utvalet vil likevel peika p  at det har vore utfordringar i kommunikasjonen mellom heradet og fylkeskommunen.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag

«Alternativ:
KULLII gir klagar medhald i klagen»

Avr y sting

Fylkesdirekt r for kultur, idrett og inkludering vart vedteke med 13 r yster (A, U, Frp, H, MDG, Sp, SV, V og R) mot 2 r yster (FNB og Pp) for Andersen sitt forslag.
Str mme sitt forslag vart vedteke mot 2 r yster (H).

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at klagen fr  Voss herad som gjeld tilskot til verna kulturminne 2020 gir grunnlag for   endre det tidlegare vedtaket. Utvalet vil likevel peika p  at det har vore utfordringar i kommunikasjonen mellom heradet og fylkeskommunen
2. Hovudutvalet tek ikkje klaga fr  Voss herad til f lgje, d  fylkeskommunen ikkje har motteke s knad om tilskot til verna kulturminne innan frist eller motteke noko s knad etter fristutsetjing.

3. Hovudutvalet oppmodar Voss herad til å gå dialog med heradet sine søkjarar om tilskot til verna kulturminne og ta aktuelle søknadar frå 2020 med i søknaden for tilskotsordninga i 2021.

PS 2/21 Museumsløft 2020 - fordeling av midlar

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver 1,633 mill. til Museumsløft 2020 frå budsjettpost 440.500 Museum med følgjande fordeling:

	Søklar	Tiltak	Løyving NOK
1	Baroniet	Båt- og vognhuset: ombygging av lokala og istandsetting av venjebåtane.	150 000
3	Kraftmuseet	Boliden-arkivet. Registrere, reingjere og magasinere arkivet, samt gjere det søkbart.	100 000
4	Nynorsk kultursentrum	Kartlegging og bruk av Økland-samlingane og Økland-tunet.	100 000
5	Museumssenteret i Hordaland	Istandsetjing av naust på Lygra.	100 000
7	Museumssenteret i Hordaland	Etablere ambulerande dokumentasjonsteam.	300 000
8	Museum Vest	Restaurering/tak-reperasjon av Saltebua ved Kystmuseet i Øygarden.	200 000
9	Musea i Sogn og Fjordane	Handlingsplan for prioritering av istandsettingsarbeid på bygningssamlinga.	100 000
10	Museum Vest	Kartlegging og utvikling av musea i Vestland sine båtsamlingar.	100 000
11	KODE	Lysøen: Antikvariske og kulturhistoriske bygningsanalysar som grunnlag for istandsetting.	100 000
12	Hardanger og Voss Museum	Nevertekking på Tronesstova.	83 000
13	Bymuseet i Bergen	Oppgradering av Jacob R. Olsens Barnehjem, Nyhavnsveien 4. Delfinansiering av ny ventilasjonsløyving og nye vinduer og dører.	300 000

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering avslår følgjande søknader:

	Søklar	Tiltak	Løyving NOK
2	Sunnhordland Museum	Ådlandsstova (freda): Fjerning av sopp på golvet, stoppe lekkasje i taket, skifte roteskadde bordgangar.	0
6	Museumssenteret i Hordaland	Revisjon av samlingsplan med innlemming av MiSF, samla blick på magasinsituasjonen og samla oversikt over tilboda frå Bevaringstenestene	0

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Kjell Gitton Håland (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i KODE. Håland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Kjell Gitton Håland var inhabil etter forvaltningslova §6, 1. ledd e).

Kjell Gitton Håland gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:
Søknad 9 (Musea i Sogn og Fjordane) blir styrka med 100.000 og søknad 11 (KODE) redusert tilsvarande.»

Avrøysting

Kollbotn sitt forslag fekk 2 røyster (R og FNB) og fall. Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver 1,633 mill. til Museumsloft 2020 frå budsjettpost 440.500 Museum med følgjande fordeling:

	Søklar	Tiltak	Løyving NOK
1	Baroniet	Båt- og vognhuset: ombygging av lokala og istandsetting av venjebåtane.	150 000
3	Kraftmuseet	Boliden-arkivet. Registrere, reingjere og magasinere arkivet, samt gjere det søkbart.	100 000
4	Nynorsk kultursentrum	Kartlegging og bruk av Økland-samlingane og Økland-tunet.	100 000
5	Museumssenteret i Hordaland	Istandsetjing av naust på Lygra.	100 000
7	Museumssenteret i Hordaland	Etablere ambulerande dokumentasjonsteam.	300 000
8	Museum Vest	Restaurering/tak-reperasjon av Saltebua ved Kystmuseet i Øygarden.	200 000
9	Musea i Sogn og Fjordane	Handlingsplan for prioritering av istandsettingsarbeid på bygningssamlinga.	100 000
10	Museum Vest	Kartlegging og utvikling av musea i Vestland sine båtsamlingar.	100 000
11	KODE	Lysøen: Antikvariske og kulturhistoriske bygningsanalysar som grunnlag for istandsetting.	100 000
12	Hardanger og Voss Museum	Nevertekking på Tronesstova.	83 000
13	Bymuseet i Bergen	Oppgradering av Jacob R. Olsens Barnehjem, Nyhavnsveien 4. Delfinansiering av ny ventilasjonsløyving og nye vinduer og dører.	300 000

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering avslår følgjande søknader:

	Søklar	Tiltak	Løyving NOK
2	Sunnhordland Museum	Ådlandsstova (freda): Fjerning av sopp på golvet, stoppe lekkasje i taket, skifte roteskadde bordgangar.	0
6	Museumssenteret i Hordaland	Revisjon av samlingsplan med innlemming av MiSF, samla blick på magasinsituasjonen og samla oversikt over tilboda frå Bevaringstenestene	0

PS 3/21 Verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden

Forslag til innstilling:

1. Fylkesutvalet ser positivt på etablering av eit autorisert verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden.
2. Fylkesutvalet tek arbeidet med forprosjektet til vitande.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Knut Inge Andersen (FNB) stilte spørsmål om han var inhabil. Andersen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet av spørsmålet om han var inhabil. Utval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Knut Inge Andersen ikkje var inhabil.

Knut Inge Andersen tiltredde saksbehandlinga.

Kjell Gitton Håland (Ap) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering ber om ei samla sak med oversikt over status for dei tre planlagte verdsarventra for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, Bryggen i Bergen og Urnes stavkyrkje»

Avrøysting

Innstillinga med Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ser positivt på etablering av eit autorisert verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden.
2. Fylkesutvalet tek arbeidet med forprosjektet til vitande.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ber om ei samla sak med oversikt over status for dei tre planlagde verdsarventra for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, Bryggen i Bergen og Urnes stavkyrkje

PS 4/21 Høyring- Forskrift til trossamfunnsloven om forvaltning av kirkebygg

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ser det som positivt at det, som ein overgangsordning, vert utarbeid forskrift som vidarefører dagens ordning med forvaltning av dei kulturhistorisk verdifulle kyrkjene slik at desse vert sikra eit formelt vern også i den nye trussamfunnslova.

2. Fylkesutvalet ber om at § 2 , andre ledd i forskrifta vert endra til:

«Riksantikvaren, fylkeskommunen og kirkelige organer kan foreslå endringer i listen. Fylkeskommunen og kirkelige organer sender sine forslag til Riksantikvaren»

3. Fylkesutvalet ber om at § 2, tredje ledd vert endra til:

«Forslag om endringer i listen legges fram for berørte eiere, fylkeskommuner, kommuner og kirkelige organer før Riksantikvaren treffer sin beslutning.»

4. Fylkesutvalet ber om at forvaltninga av dei listeførte kyrkjene sine nære omgjevnader vert nedfelt i eige rundskriv.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Øyvind Strømmen (MDG) sette på vegne av MDG, A, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet sluttar seg til dei vurderingane som vart lagt fram i det førebelse høyringssvaret sendt frå fylkesdirektøren, men beklager at det ikkje har vore mogleg å handsama saka politisk innanfor høyringsfristen.
2. Fylkesutvalet ber om at forvaltninga av dei listeførte kyrkjene sine nære omgjevnader vert nedfelt i eige rundskriv.»

Avrøysting

Strømmen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Innstillinga vart ikkje røysta over.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet sluttar seg til dei vurderingane som vart lagt fram i det førebelse høyringssvaret sendt frå fylkesdirektøren, men beklagar at det ikkje har vore mogleg å handsama saka politisk innanfor høyringsfristen.
2. Fylkesutvalet ber om at forvaltninga av dei listeførte kyrkjene sine nære omgjevnader vert nedfelt i eige rundskriv

PS 5/21 Tilskotsordningar bibliotekutvikling 2021

Forslag til vedtak:

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek at Vestland fylkeskommune gjennom budsjettposten «Bibliotekprosjekt» lyser ut dei vedtekne tilskota på til saman 1 350 000 til utvikling av kommunale bibliotektenester i Vestland.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og innretning for tilskot til utvikling av folkebiblioteklokale
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og innretning for tilskot til prosjekt og kompetanseheving i biblioteka
4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og innretning for tilskot til mobile bibliotektilbod

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek at Vestland fylkeskommune gjennom budsjettposten «Bibliotekprosjekt» lyser ut dei vedtekne tilskota på til saman 1 350 000 til utvikling av kommunale bibliotektenester i Vestland.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og innretning for tilskot til utvikling av folkebiblioteklokale
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og innretning for tilskot til prosjekt og kompetanseheving i biblioteka

4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og innretning for tilskot til mobile bibliotektilbod

PS 6/21 Tilskot til regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringer. Retningslinjer 2020

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune lyser ut dei vedtekne 1 500 000 kroner frå budsjettposten «Tilskot regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringer» i form av ei tilskotsordning.

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til retningslinjer for Tilskot til regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næring slik dei vert omtala i saksframlegget.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune lyser ut dei vedtekne 1 500 000 kroner frå budsjettposten «Tilskot regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringer» i form av ei tilskotsordning.

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til retningslinjer for Tilskot til regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næring slik dei vert omtala i saksframlegget.

PS 7/21 Klage på avslått søknad om tilskot til ekstraordinære midlar til kultur- og idrettsaktivitet råka av koronasituasjonen

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at det er kome inn nye opplysningar i saka som endrar grunnlaget for tidlegare vedtak.

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 156/2020, handsama 25. november 2020. Klagen frå Amatørkulturrådet Askøy vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til klagenemnda for Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.

3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 156/2020, handsama 25. november 2020. Klagen frå Øygarden kulturråd vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til klagenemnda for Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.

4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 156/2020, handsama 25. november 2020. Klagen frå UrbanZoo AS vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til klagenemnda for Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Stian Jean Opedal Davies (A) stilte spørsmål om han var inhabil. Davies gjekk frå under vurderinga av spørsmålet av spørsmålet om han var inhabil. Utval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Stian Jean Opedal Davies ikkje var inhabil.

Kjell Gitton Håland (A) stilte spørsmål om han var inhabil. Håland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet av spørsmålet om han var inhabil. Utval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Kjell Gitton Håland ikkje var inhabil.

Geir Kjell Andersland (V) stilte spørsmål om han var inhabil. Andersland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet av spørsmålet om han var inhabil. Utval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Geir Kjell Andersland ikkje var inhabil.

Lise-May Sæle (H) stilte spørsmål om ho var inhabil. Sæle gjekk frå under vurderinga av spørsmålet av spørsmålet om ho var inhabil. Utval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Lise-May Sæle ikkje var inhabil.

Davies, Håland, Andersland og Sæle tiltredde saksbehandlinga.

Kjell Gitton Håland (A) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Tillegg:

Tillegg til punkt 1 (a):

Hovedutval for kultur, idrett og integrering stadfester at ein organisasjon eller eit prosjekt kan ha regional verdi sjølv om organisasjonen eller prosjektet berre omfattar ein kommune. Det er den regionale kulturelle verdien av tiltaket som er avgjerande, i tråd med funksjonskriteriet.

Nytt punkt 5 (b):

Forståinga av omgrepet «regional verdi» må vurderast nærare i arbeidet med ny plan for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune

Nytt punkt 6 (c):

Hovudutval for kultur, idrett og integrering anerkjenner viktigheita av amatørkulturråd i Vestland fylke, og oppmodar til at fleire kommunar oppretter kommunale eller interkommunale amatørkulturråd. Utvalet ber fylkesdirektøren koma attende til utvalet med ei sak om korleis Vestland fylkeskommune kan stø opprettinga av fleire amatørkulturråd, og bidra til arbeidet til dei amatørkulturråda som allereie finst. Fylkesdirektøren vert beden om å koma med framlegg til praktiske og økonomiske verkemiddel.»

Bjarte Vatnøy (Frp) sette på vegner av Frp, H, Pp, FNB og U fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 2:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering endrer på vedtak i sak 156/2020, handsama 25.november 2020. Klagen frå Amatørkulturrådet Askøy vert tatt til følge. Løyving på 400.000,- blir innvilga

Punkt 3:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering endrer på vedtak i sak 156/2020, handsama 25.november 2020. Klagen frå Øygarden kulturråd vert tatt til følge. Løyving på 400.000,- blir innvilga»

Kurt Johnny Hæggernæs (Pp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Vestland Fylkeskommune stadfester at Askøy og Øygarden er definert og har status som region med Klepppestø og Straume som regionsenter. Askøy Amatørkulturråd og Øygarden Kulturråd er således søkegod og søknader fra disse skal behandles på lik linje som andre regionale søknader.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 vart vedteken mot 4 røyster (H, Pp og R)

Håland sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 2 og 3 vart vedteken med 8 røyster (A, MDG, Sp, SV og V) mot 7 røyster (U, FNB, Frp, H, Pp og R) for Vatnøy sitt forslag.

Innstillinga punkt 4 vart samrøystes vedteken

Håland sitt forslag (b) og (c) vart samrøystes vedteke.

Hæggernæs sitt forslag fekk 3 røyster (FNB, Frp og Pp) og fall.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at det er kome inn nye opplysningar i saka som endrar grunnlaget for tidlegare vedtak. Hovudutval for kultur, idrett og integrering stadfester at ein organisasjon eller eit prosjekt kan ha regional verdi sjølv om organisasjonen eller prosjektet berre omfattar ein kommune. Det er den regionale kulturelle verdien av tiltaket som er avgjerande, i tråd med funksjonskriteriet.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 156/2020, handsama 25. november 2020. Klagen frå Amatørkulturrådet Askøy vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til klagenemnda for Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 156/2020, handsama 25. november 2020. Klagen frå Øygarden kulturråd vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til klagenemnda for Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.
4. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 156/2020, handsama 25. november 2020. Klagen frå UrbanZoo AS vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til klagenemnda for Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.
5. Forståinga av omgrepet «regional verdi» må vurderast nærare i arbeidet med ny plan for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune.
6. Hovudutval for kultur, idrett og integrering anerkjenner viktigheita av amatørkulturråd i Vestland fylke, og oppmodar til at fleire kommunar opprettar kommunale eller interkommunale amatørkulturråd. Utvalet ber fylkesdirektøren koma attende til utvalet med ei sak om korleis Vestland fylkeskommune kan stø opprettinga av fleire amatørkulturråd, og bidra til arbeidet til dei amatørkulturråda som allereie finst. Fylkesdirektøren vert beden om å koma med framlegg til praktiske og økonomiske verkemiddel

PS 8/21 Innspel til norsk deltaking i europeiske samarbeidsprogram

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet i Vestland fylke vedtek høyringsfråsegnene om norsk deltaking i europeiske samarbeidsprogram slik dei kjem fram av saksutgreiinga og vedlegg.
2. Vestland fylkeskommune oppmodar til at Norge blir med i European Solidarity Corps, slik at kommunar og organisasjonar kan halde fram med å hjelpe ungdom med spesielle utfordringar.

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 12.01.2021

Avrøysting

Det var 15 personar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet i Vestland fylke vedtek høyringsfråsegnene om norsk deltaking i europeiske samarbeidsprogram slik dei kjem fram av saksutgreiinga og vedlegg.
2. Vestland fylkeskommune oppmodar til at Norge blir med i European Solidarity Corps, slik at kommunar og organisasjonar kan halde fram med å hjelpe ungdom med spesielle utfordringar.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Gunn Åmdal Mongstad (Sp) sette på vegne av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 2:

Det vert også vist til dei gode erfaringane mange frivillige organisasjonar og lokalsamfunn har hatt som vertskap for ungdom gjennom ordninga med Europeisk Volontørtjeneste/EVS,

og ber om at Noreg gjennom partnerskap i ESC, vil gjere det mogleg å delta i dette arbeidet att.»

Avrøysting

Innstillinga med Mongstad sitt forslag vart samrøystes vedteken.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet i Vestland fylke vedtek høyringsfråsegnene om norsk deltaking i europeiske samarbeidsprogram slik dei kjem fram av saksutgreiinga og vedlegg.

2. Vestland fylkeskommune oppmodar til at Norge blir med i European Solidarity Corps, slik at kommunar og organisasjonar kan halde fram med å hjelpe ungdom med spesielle utfordringar. Det vert også vist til dei gode erfaringane mange frivillige organisasjonar og lokalsamfunn har hatt som vertskap for ungdom gjennom ordninga med Europeisk Volontørtjeneste/EVS, og ber om at Noreg gjennom partnerskap i ESC, vil gjere det mogleg å delta i dette arbeidet att

PS 9/21 Revidering av retningslinjer, tilskot til kulturbygg

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek reviderte retningslinjer for ordninga tilskot til kulturbygg i Vestland

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Terje Kollbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Retningslinjene pkt. 2.1 (inkl. prioritering kulturbygg med regionale funksjonar) vedtatt i 2020 blir vidareført»

Avrøysting

Kollbotn sitt forslag fekk 4 røyster (U, FNB, Pp og R) og fall.

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek reviderte retningslinjer for ordninga tilskot til kulturbygg i Vestland

PS 10/21 Revidering av retningslinjer for ordninga Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek reviderte retningslinjer for tilskotsordninga *Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur* slik dei ligg føre i vedlegget.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek reviderte retningslinjer for tilskotsordninga *Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur* slik dei ligg føre i vedlegget.

PS 11/21 Avtale med TONO

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune ønsker avtale med TONO om bruk av musikk i Den kulturelle skulesekken for skuleåret 2021-2022.
2. Eit forhandlingsutval oppnemnd av fylkeskultursjefscollegiet og representantar frå direktekommunane får mandat til å forhandle på vegner av Vestland fylkeskommune.
3. Forhandlingsutvalet forhandlar innafor mandat formulert av fylkeskultursjefscollegiet og representantar for direktekommunane.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune ønsker avtale med TONO om bruk av musikk i Den kulturelle skulesekken for skuleåret 2021-2022.
2. Eit forhandlingsutval oppnemnd av fylkeskultursjefscollegiet og representantar frå direktekommunane får mandat til å forhandle på vegner av Vestland fylkeskommune.
3. Forhandlingsutvalet forhandlar innafor mandat formulert av fylkeskultursjefscollegiet og representantar for direktekommunane.

PS 12/21 Møteplan for hovudutval for kultur, idrett og integrering 2021

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Stian Jean Opedal Davies (A) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Det avholdes et møte i hovedutvalg for kultur, idrett og integrering 14. juni 2021.»

Lise-May Sæle (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Hovudutval for kultur, idrett og integrering ber administrasjonen til neste møte sjå på den heilskaplege saksmengda i hovudutvalet og om nokre saker kan delegerast frå politisk handsaming til administrasjonen ».

Avrøysting

Davies sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Sæle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Det vert haldt eit møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering 14. juni 2021.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ber administrasjonen til neste møte sjå på den heilskaplege saksmengda i hovudutvalet og om nokre saker kan delegerast frå politisk handsaming til administrasjonen.

PS 13/21 Oppfølging av verbalforslag budsjett 2021

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

Kjell Gitton Håland (A) sette på vegne av A, Sp, MDG, SV og V fram slikt forslag:

«Tillegg:

Driftsstøtten til Foreningen FRI Vestland økes med kr. 100.000. Økningen dekkes ved å redusere posten «Stønad etter vedtak» med kr. 100.000, fordelt likt på «Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur» og «Tilskot til prosjekt og tiltak- frivillig kulturliv.»

Stian Jean Opedal Davies (A) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Fylkesdirektør kommer tilbake til hovedutvalget med sak om oppfølging av relevante verbalpunkt for utvalget for budsjettvedtaket 2021.»

Avrøysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Davies sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Driftsstøtta til Foreningen FRI Vestland aukast med kr. 100.000. Aukinga dekkast ved å redusere posten «Stønad etter vedtak» med kr. 100.000, fordelt likt på «Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur» og «Tilskot til prosjekt og tiltak- frivillig kulturliv».

2. Fylkesdirektør kjem tilbake til hovudutvalet med sak om oppfølging av relevante verbalpunkt for utvalet for budsjettvedtaket 2021.